

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV DESEMBER 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00  
Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserer: Oddvar Haugen  
Past pres.: Elisabet Sundgot  
Styremedlem: Arne Lillebø  
Styremedlem: Hans Gisle Holstad  
Leiar ungdoms  
utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad  
Referent: Einar Holm

## Fødselsdager i desember:

Einar Arne Riise 27.12  
Elias Sellevoll 15.12  
Bjørn Teigene 19.12

## 100%frammøte i desember 2004:

Ingar Bigset, Sverre Bjåstad, Håkon Eidsvik, Johs. J. Hareide, Magnar Hatløy, Bjørn Holstad, Arne Lillebø, Håvard Myrene, Nils Nupen, Arve Røyset, Anders Riise, Karl J. Brandal, Arne G. Grimstad, Otto Holstad, Trygve Riise, Elias Sellevoll

Frammøte 67,7%

## TIL ETTERTANKE

**EG DRØYMDE AT  
LIVET VAR GLEDE.  
EG VAKNA OG FANN  
DET VAR PLIKT.  
EG GJORDE MI PLIKT  
OG FANN DÅ AT  
LIVET VAR GLEDE.**

### **Møte 6.12.04**

Presidenten leia møtet.

Program for kvelden hadde Anders Riise med tema: Førstehjelp med vekt på hjarte- og lungeredning.

Han hadde med dokker som øvingsobjekt slik at medlemmane kunne øve seg på hjarte-lungeredning. Etter ei lita teoretisk innleiing der han la vekt på følgjande:

**Viss personen ikkje har åndedrett, er bevisstlaus og ikkje har puls, må ein begynne med hjarte-lungeredning. Ein ringer først 113 for ambulanse.**

**Slik gjer ein det:**

**1.Legg pasienten på ryggen og opne luftvegar ved å bøye hovudet bakover med ei hand på pasienten si panne, og ei hand under haka.**

**2.Klem saman pasienten si nasebor, opne eigen munn og plasser den over pasienten sin munn. Blås roleg inn. Sjekk at pasienten si brystkasse løfter seg. Ta munnen bort mellom kvar innblåsing slik at lufta slepp ut. Gi to innblåsingar.**

**3.Begynn med utvendig brystkompresjon. Ein legg seg på kne tett ved sidan av pasienten si brystkasse. Legg hendene opp på kvarandre midt mellom brystvortene til pasienten. Trykk loddrett ned med strake armar. Ein skal trykke brystkassa om lag 4-5 cm ned kvar gong. Trykk 15 gongar etter kvarandre. For å halde takta, tel ein høgt: ein-og-to-og-tre-og-fire og så vidare til 15. Dei 15 kompresjonane skal ta om lag 10 sek. Ein vil då kome opp i 80-100 trykk pr. minutt, og det er ideelt.**

**4.Ein held så fram med 2 munn-til-munn-innblåsingar, så 15 brystkompresjonar, 2 munn-til-munninnblåsingar, så 15 brystkompresjonar ,--og så vidare. Ein**

**held fram til ambulansen kjem, -og gir ikkje opp.**

Etter gjennomgangen, gjekk rotarymedlemane saman i gruppe og øvde tida ut.

### **Møte 15.12.04**

Denne måndagen var det bedriftsbesøk på det kommunale Vassbehandlingsanlegget i Snipsøyrdalen.

Vi starta med at teknisk sjef Nils Nupen gav informasjon om at vassbehandlingsanlegget vart sett i drift etter Hareid kommune tok over Hareid vassverk i 1995.

Høgdebassenget vart også bygt ut i denne perioden.

Det vart også orientert om leidningsnettet generelt sett, og spesielt om dei utbyggingsprosjekta kommunen har hatt dei siste 10 åra.-- eks Bigset-Rise - ledninga, Longerysta, Kaldholen, ringleidning over Hareidsmyrane, Hareid – Brandal, Bigset-Nevstad, Hammarstøylen(ny inntaksleidning) og elles mykje renovering av andre leidningar. Han orienterte også om brotsituasjonen: Enkelte har det vore opp mot 30 brot på vassleidningar, til ein kostnad pr brot på ca. kr 30 000.

Han understreka at på bakgrunn av desse tala vil det vere lurt og lønsamt å investere.

Nupen orienterte også om årsavgiftene for vatn etter todelt modell:

Abonnement og forbruksavgift. Abonnementsavgifta speglar av investeringane og forbruksavgifta som enten er fastavgift berekna på m2 bruksareal til bustaden, eller avgifta kan betalast etter målt forbruk.

Gjennomgang av anlegget og reinseprosessar vart gjort ved Jostein Bratli og Lars Hustad. Jostein Bratli viste dessutan prosessane i produksjonshallen.

### **Møte 20.12.04**

Dette er det tradisjonelle julemøte som er lagt opp til hyggeleg samvær.

Presidenten ønske velkomne til eit pynta lokale av festkomiteen ,med hjelp av kameratskapskomiteen.

Stein Karstensen hadde innlegget ,der han fokuserte på jula.

Det var godt frammøte og greitt leia og gjennomført av presidenten.

Lutfisken og møren smakte fortreffelig.

**MÅNDAG I JULEVEKA, 27.12. VART  
DET IKKJE HALDE MØTE**